

Arbeidsgjevarstrategi



Forord

Dagens arbeidsmarknad er skiftande og det er heilt avgjerande for Time kommune å utvikla ein målretta og heilskapleg arbeidsgjevarstrategi. Kommunen er ein leiande offentleg aktør og spelar ein avgjerande rolle i å oppretthalda og forbetra tenestene til våre innbyggjarar.

Ein viktig nøkkel for å klara oppdraget er å tiltrekka, utvikla og behalda dyktige tilsette i Time kommune. Arbeidsgjevarstrategien vår skal leggja grunnlaget for eit attraktivt og inkluderande arbeidsmiljø, og sikra kommunen suksess og berekraftig utvikling i åra som kjem.

Samfunnet er prega av kontinuerleg endring. Visjonen til Time kommune er "Trygg og framtidsretta". Det betyr at me ønsker ein arbeidsplass som er føreseieleg og innovativ. Arbeidsgjevarstrategien skal bidra til at kommunen jobbar med å behalda og utvikla kompetente medarbeidarar og skapa ein kommune med felles organisasjonskultur.

Våre verksemder er ulike og me har eit mangfald av tilsette. Dette er ein fordel for oss, og skilnadane er eit gode for kommunen.

I Time kommune skal me ha rekruttering som speglar mangfaldet i lokalsamfunnet.

Eg ønsker at Time kommune skal ha eit omdømme på godt samarbeid, ha orden i eige hus og ha ein kultur som omfamnar omstilling og innovasjon. Samarbeidet mellom arbeidsgjevar og tillitsvalde er sentralt. Me er ein kommune som har respekt for Hovudavtalen og har samarbeid basert på tillit og gjensidig respekt for partane sine ulike rollar. Me er alle viktige brikker i kommunen si utvikling av framtidens tenester.

Time kommune har vedteke 7 av FN sine 17 berekraftsmål i samfunnsdelen av kommuneplanen. Arbeidsgjevarstrategien vil bygga vidare på berekraftsmåla:

- **God helse og livskvalitet (3)**
- **God utdanning (4)**
- **Anstendig arbeid og økonomisk vekst (8)**
- **Samarbeid for å nå måla (17)**

Berekraftsmåla gjev retning for at me skal satsa vidare på viktige emne som helsefremmande arbeidsmiljø, kompetanseutvikling, heiltid, god lønspolitikk og samarbeid i tråd med Hovudavtalen.

Trygve Apeland
Kommunedirektør



Visjon og verdigrunnlag

Vår felles visjon er **Trygg og framtidsretta**. For kommunen som arbeidsgjevar betyr visjonen at innbyggjarane skal vera sikra tenester av god kvalitet og at me saman skapar tillit til kommunen. Leiarar og tilsette er kreative og skal søka å finna nye og betre løysingar til det beste for innbyggjarane. Me er ikkje redde for å testa ut nye metodar, og heller ikkje for å feila.

Time kommune skal vera ein organisasjon som er prega av mangfald, likestilling og fråvær av diskriminering. Eit mangfald i arbeidslivet er viktig for å ta i bruk den samla kompetansen og for å sikra betre tilgang på arbeidskraft.

Gjennom verdiane våre forventar me at kommunen skal kjenneteiknast ved:

- **Ansvar:** Me har evne til å sjå og mot til å handla. Me ser og forstår heilskapen. Me er opne og direkte i samhandlinga.
- **Engasjement og optimisme:** Me er løysingsfokuserte og aktive. Det me vil, søker me å få til. Me er i utvikling.
- **Gjensidig respekt:** Me kjenner kvarandre og som person betyr eg noko. Alle skal ha reell medverknad på eigen arbeidssituasjon. Tilsette skal sikrast deltaking i avgjerdsprosessar.

Arbeidsgjevarstrategiens verkeområde

Kommunestyret har det øvste arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette i Time kommune medan komunedirektøren har det løpande personalansvaret for dei einskilde tilsette. Arbeidsgjevarstrategien vert revidert og vedteke av nytt kommunestyre ved ny valperiode.

Arbeidsgjevarstrategien gjeld for alle tilsette i heile organisasjonen. Dokumentet beskriv overordna satsingar på lengre sikt. Konkrete tiltak og andre innsatsområde finn du i andre dokument som til dømes økonomiplan, lønspolitikk, seniorpolitikk etc.



Utfordringar

Time kommune vil stå overfor fleire utfordringar i åra framover. Dei viktigaste er følgande:

Økonomiske rammer

Kommune-Noreg er i endring, og det vil verta utfordrande å prioritera innafor tenesteområda. Dette vil føra til at alle tilsette må ta del i eit felles ansvar for å omstilla og fornya tenestene for å sikra god bruk av ressursane.

Demografi

Framskriving viser at det vert fleire eldre og færre i arbeidsfør alder. Det betyr at fleire innbyggjarar treng kommunale tenester. Samtidig vil tilgangen på arbeidskraft til kommunen verta mindre. På sikt kan kommunen stå i ein situasjon der me må prioritera slik at dei rette tenestene kjem på rett plass.

Rekruttering og kompetanse

Auka behov for arbeidskraft i enkelte tenesteområde, kombinert med ein stram arbeidsmarknad, gjer at me må satsa meir på eigenutvikling av kompetanse og effektiv organisering av arbeidet. Dei tilsette må verta stimulerte til å stå lengre i arbeid og vidareutvikla eigen kompetanse. Time kommune må tilby attraktive arbeidsplassar med godt arbeidsmiljø og interessante oppgåver. Endring i krav og innhald i tenesteleveringa og digitalisering av tenestene skjer no raskare enn tidlegare.

Sjukefråvær

Time kommune har som mål å ha lågast sjukefråvær blant kommunane i Rogaland. Det er stor gevinst i å halda sjukefråværet lågt. Høg grad av nærvær betyr betre trivsel og godt arbeidsmiljø, og ein meir føreseieleg arbeidskvardag for tilsette, leiarar og brukarar av kommunale tenester.

Deltidsarbeid

Kommunen treng fleire i heiltid for å dekkja opp behovet for arbeidskraft. Det er ein stor arbeidskraftreserve i deltidstillingane i kommunen. Ei løysing er å få fleire tilsette i heile stillingar. Heiltidstilsette har høgare løn og betre pensjon.



Fokusområde

Engasjerte leiarar som tek ansvar og viser retning

Leiarane våre evner å sjå heilskapen, lyttar, set mål og tek vare på sine tilsette. Dei tek ansvar for å skaffa rett kompetanse og kapasitet, og evner å prioritera for riktig bruk av ressursar. Ved å samarbeida med tilsette fremmer me ein felles organisasjonskultur prega av gjensidig respekt, engasjement og optimisme.

Leiarane våre:

- Beheld, utviklar og rekrutterer dyktige tilsette
- Samhandlar på tvers i organisasjonen, med vernetenesta og dei tillitsvalde
- Set mål og viser retning
- Jobbar med omstilling og fornying av tenestene

Meistringskultur for høg kvalitet i tenestene

Me har eit godt arbeidsmiljø og bygger ein organisasjon der tilsette er stolte av arbeidsplassen sin. Gjennom verdiane våre om ein open og ærleg kommunikasjon, engasjement, optimisme og gjensidig respekt skaper me ein meistringskultur for høg kvalitet i tenestene. Me kartlegg kompetansebehov i dei ulike einingane i kommunen.

Tenestene våre skal vera gode. Tilsette oppfordrast til å utforska og utfordra idear og moglegheiter.

Me:

- Utviklar og forbetrar tenester til våre innbyggjarar
- Bruker og deler kompetanse og erfaringar på tvers i organisasjonen
- Legg til rette for eit godt meistringsklima



Mangfaldig og inkluderende arbeidsmiljø

Me er ein trygg og meiningsfull arbeidsgjevar med plass for alle. Verdiane våre legg til rette for likestilling, inkludering og mangfald. Tilsette støttar kvarandre og verdset kollegaene sine. Me har fleksible arbeidstidsordningar og legg til rette for ulike livsfasar.

Me:

- Inkluderer og spelar kvarandre gode
- Har respekt for, og utfordrar, kvarandre sine meiningar
- Utviklar oss for å verta best mogleg ut frå egne føresetnadar
- Tek omsyn til og verdset skilnadar

Ansvarsfull bruk av ressursar

Dei tilsette er kommunen sin viktigaste ressurs, og me samarbeider på tvers i organisasjonen for å sikra læring og utvikling. Me er opne for omfordeling av ressursar og nye måtar å løysa oppgåver på.

Me:

- Respekterer våre kollegaer og lærer av erfaringar
- Utfordrar oppgåver og arbeidsmetodar
- Utforskar og utnyttar teknologiske moglegheiter
- Effektiviserer arbeidsprosessar

Denne strategien er vedteken 10.12.2024 av Time kommunestyre og vil verta revidert ved ny valperiode.

